



Referat frå kommunemøte torsdag 17. juni 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen og FHI.

Ikkje til stades: KS, Sivilforsvaret, Gulen, Hyllestad, Samnanger, Solund, Stryn, Ullensvang og Voss

Møteleiar: Anne Eide

Innhold

1. Informasjonssaker	1
2. E-post til kommunar m.fl. om søksmål.....	2
3. Kontaktregister (Norsk helsenett).....	3
4. Rapportering gjennom sommaren	4
5. Etterregistrering av vaksiner i SYSVAK (sett i utlandet)	4
6. Vaksine	5
7. Målretting av covid-tiltak	5
8. Adgangstesting	6
9. Epidemiologisk rapport	6

1. Informasjonssaker

Kommunemøte i sommar

Det blir ikkje faste kommunemøte i sommarferieperioden. Siste planlagte kommunemøte før ferien blir torsdag 1. juli, og første møte etter blir torsdag 12. august.

Dersom det blir behov for møte i perioden vil vi kalle inn til det, òg på kort varsel viss aktuelt.

Informasjon frå Statsforvaltaren i sommar

Vi er opptekne av å bidra til å sikre at informasjon vi sender dykk gjennom sommaren kjem fram til dei som skal ha det raskast mogleg i ei tid med ferieavvikling og fungeringar.

Vi har m.a. drøfta om det kan vere ei løysing å legge til kommunens beredskapsadresse til i listene våre, då mottakarane der er noko de sjølv styrer i eigne it-system. Men vi sender informasjon, og relativt mykje informasjon til tider, i to ulike "spor". Det meir generelle som er stila til kommuneoverlege, kommunedirektørar/rådmenn og beredskapskontaktar med kopimottakarar hjå regionale aktørar, og informasjon om fordeling og distribusjon av vaksiner som går til vaksinekoordinator og kommuneoverlege/smittevernlege, med kopi til helseføretaka.



Vi har kome fram til at ulike behov og ønskje kan løysast ved å midlertidig legge til dei e-postadressene i distribusjonslistene våre for sommaren, òg eventuelt beredskapsadressa til kommunen for dei som ønskjer det.

Vi lenker til skjema der de kan melde inn e-postadressene som de ønskjer vi skal sende informasjon til i sommarperioden. Vi vil streke under at det berre er e-postadresse vi då ber om, og at desse vil bli fjerna frå distribusjonslistene våre igjen etter sommaren. E-postadresser kan meldast til oss via skjema på denne sida: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/skjult/informasjon-fra-statsforvaltaren-i-vestland-sommar-2021>

Det vil i utgangspunktet vere ei “anten eller”-løysing, altså dei det gjeld vil då få informasjon for heile perioden (i utgangspunktet frå 1. juli til 20. august).

Fagsamling samfunnstryggleik og beredskap hausten 2021

Vi planlegg den årlege fagsamlinga vår om samfunnstryggleik og beredskap, 25. - 26. oktober på SAS hotellet på Bryggen i Bergen. Tema for samlinga blir handtering av covid-19-pandemien.

Målgruppa for samlinga er tilsette i kommunane som arbeider med krisehandtering, beredskap og andre samfunnstryggleiksoppgåver i kommunane og hjå regionale aktørar (kommunedirektørar/rådmenn, kommuneoverlegar, beredskapskontaktar osv).

Vi oppmodar om at dei det er aktuelt for held av datoane. Praktisk informasjon og påmelding kjem etter sommaren og vil bli publisert i artikkel som ligg i kurskalender og på fagsidene våre: (lenke i referat)

Kom gjerne med innspel til programmet, kva tema er viktig og nyttig om vi tek opp? (beredskapsadressa)

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/kurs-og-konferansar/2021/10/fagsamling-om-samfunnstryggleik-og-beredskap/>

2. E-post til kommunar m.fl. om søksmål

Bremanger har bedt om innspel til korleis ein e-post med tittel “BEGJÆRING OM MIDLERTIDIG FORFØYNING. KNYTTET TIL COVID-19.”, bør handterast.

E-posten (sendt av Anders Brunstad og av ein person til) er stila til alt frå kommunar til regjering. Dette er openbart ein del av antivaksinekampanje. E-posten som Bremanger og kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane har fått, viser til at dette er sendt til Sogn og Fjordane Tingrett for behandling. Vi har ikkje høyrte at kommunar i tidlegare Hordaland har fått tilsvarande enno.

Fungerande statsforvaltar Gunnar Hæreid hadde ikkje høve til å delta i møtet i dag, men han har gjort ei vurdering av e-posten og spørsmålet frå Bremanger. Han seier at viss han hadde vore i ein kommune, ville han ikkje ha gjort noko med e-posten, men teke den til orientering.

Her er vurderinga frå Hæreid:

Ein saksøkjjar skal etter tvistelova § 5-2 varsle om søksmål, og den saksøkte skal svare innan rimeleg tid. Rettsverknaden av manglande svar er at det kan verke inn på sakskostnadsvurderinga i ei seinare retts sak, dersom retts sak kunne vore unngått om ein hadde svara før. Men det er ingen andre rettsverknader.



Denne gjeld likevel neppe fullt ut i eit varsel om «massesøksmål» som her, mot mange partar, der det verkar tilfeldig kva av kommunane som er valde ut. I tillegg er varselet mangelfullt på fleire måtar. Dersom staten ser seg kalla til å svara, vil Regjeringsadvokaten få oppdraget. I og med at staten og kommunane er saksøkte saman, og har samanfallande interesser, kan kommunane i så fall gå ut frå at Regjeringsadvokaten vil svare ut på ein måte som også tek i vare interessene til kommunane.

Dersom det seinare skulle kome inn til retten som eit kravsmål om mellombels åtgjerd («begjæring om midlertidig forføyning»), så vil tingretten først måtte rydde i det (dvs. påleggje saksøkjarane retting), for å sjå om det er mogleg å formulere ein påstand det kan gjevast dom (og åtgjerd) for. Dersom retten klarar å rydde i det, vil kravsmålet deretter sendast til formell forkynning for partane (mellom andre kommunane), og i så fall må kommunane svare. Dersom det kjem til det stadiet er kan til dømes kvar kommune gje KS prosessfullmakt til å føre saka for alle kommunane.

Kort oppsummert: Kommunane treng neppe svara på varselet i den forma det har no. Dersom retten seinare skulle forkynne eit kravsmål om mellombels åtgjerd, må kommunane svare og bør engasjere KS (eller ein annan advokat) til å svare på vegner av alle.

3. Kontaktregister (Norsk helsenett)

Helsedirektoratet orienterte i møte i går om at fristen for å registrere eitt generisk kontaktpunkt var i går. Direktoratet ber oss vidareformidle ei oppmoding om å registrere kontaktinformasjon i registeret.

Så langt er det mange kommunar nasjonalt som ikkje har lagt inn kontaktinformasjon endå. Helsedirektoratet er tydelege på at dei med kontaktregisteret har ein ambisjon om å automatisere meldingsrutinar framover, for å sleppe å leite fram kontaktinformasjon i manuelle lister.

Vi har omtalt dette i tidlegare kommunemøte. Vi har igjen fått tilbakemelding frå nokre kommunar om utfordringar med kva kontaktpunkt som skal registrerast, når det ikkje er eitt/felles telefonnummer til vakhavande eller kommunelege med smittevernansvar. Vi forstår de har fått denne informasjonen direkte (vi har ikkje fått den). Vi ser likevel at det på ei informasjonsside på Norsk helsenett m.a. er forslag om å registrere legevakt som eit alternativ.

Vi har tidlegare tatt opp problemstillinga med Helsedirektoratet og m.a. spurt om det kana vere mogleg å opne for å registrere fleire telefonnummer og e-postadresser per kommune.

Når det gjeld lista/oversikta vi held oppdatert på nettsidene våre for Vestland, held vi fram som før i alle fall gjennom sommaren. Vi har ikkje planar om å avvikle den før det ikkje lenger er eit behov i høve pandemihandteringa.

Kommentar Sunnfjord v/Øystein Furnes: Dei erfarer at register via NHN ikkje fungerer til smittesporing. Dette fordi smittesporing stort sett skjer på kveld då dei ikkje er på kontoret, og difor ikkje har tilgang.

Bergen v/ Tor Grimstad seier at det ikkje er vanskeleg å få tilgang heimefrå med det rette oppsettet, men at registeret er lite føremålstenleg då det er fleire enn legar som er inne i smittesporingsarbeidet.



Askøy ved Kristin Cotta Schönberg stiller spørsmål om det kommunane har plikt til å melde seg inn, og om føremålet med registeret er breiare enn til pandemien. Eit anna punkt er korleis kommuneoverlege kan unngå reaksjonar etter Helsepersonellova som følgje av avvik på avhaldsplikt, då eit generisk nummer kan føre til forventning om at kommunelegen skal vere på 24/7.

Statsforvaltaren noterer seg spørsmåla og innspela.

4. Rapportering gjennom sommaren

- Den faste vekerapporteringa for kommunane blir som vanleg gjennom sommaren.
- Vi minner om at vi ønskjer avviksrapportering frå kommunane, dvs. rapport/informasjon (ev. ein telefon) dersom det skulle vere hendingar/situasjonar der og/eller konsekvensar for kommunale tenester).

5. Etterregistrering av vaksiner i SYSVAK (sett i utlandet)

Vi har stor forståing for at kommunane opplever dette som ei ny, stor oppgåva som kom brått på. Vi kjenner diverre ikkje til anna rettleiingsmateriell enn det som no ligg hjå [FHI](#). Slik vi les det førebels, er dette et tilbud til innbyggjarane, og ikkje ei plikt legane har. FHI viser til at dette kan gjerast anten hjå fastlege, kommunehelseteneste eller private helsetenester, og viss det gjerast hjå fastlege så må pasienten betale full eigenandel, fordi det ikkje dekkast over stønadsbudsjettet.

Kommentar v/Evy Therese Dvergsdal, MSIS/FHI:

Etterregistrering er ikkje ei ny oppgåve for kommunelegane, og er allereie viktig i barnevaksinasjonsprogram som grunnlag for vidare vaksinerings. Omfanget er normalt lite, men etterregistrering av koronavaksinar har eit større omfang sjølv om tidsrommet er meir avgrensa. Vaksinedokumentasjon er helseopplysningar som må journalførast, og vaksinerings er ei helseoppgåve. Etterregistrering er eit tilbud til befolkninga, men ikkje ein rett som kan krevjast. Sidan mykje av ressursane i mange kommunar no er knytt opp mot TISK og vaksinerings, må kommunane velje i kva grad dei kan prioritere denne oppgåva.

FHI har tilrådd e-konsultasjon fordi dette er einaste praktiske måte å etterregistrere for personar i utlandet. FHI har ikkje liste over krav til korleis til dokumentasjonsvurdering av vaksinebevis skal gjerast. Det er forståeleg at kommunelegane opplever det som vanskeleg å vurdere gyldigheita til utanlandsk dokumentasjon. Kommunelegane er ikkje forventa å registrere dokumentasjon dei ikkje er trygge på. Det er berre godkjende vaksiner i EU som kan etterregistrerast. Det mest aktuelle vaksinasjonsbeviset (utanfor EU/EØS) vil truleg vere vaksinasjonskort frå amerikanske CDC. Frå 1. juli er truleg det europeiske vaksinasjonskortet klart. Dette gir karantenefritak i Noreg, og vil såleis ikkje krevje etterregistrering.

Spørsmål frå Tysnes: Korleis skal ein etterregistrere ved gjennomgått sjukdom?

Svar FHI: MSIS-forskrifta seier at ein ikkje kan etterregistrere sjukdom i utlandet. Ein må ta antistoff-test minst ein dag før ein tek vaksine, elles må ein ta to doser. Dersom ein har både gjennomgått sjukdom og er vaksinert i eit anna land, vil vaksinesertifikat vere god nok dokumentasjon på immunitet. Vi kjenner til at nokre land som til dømes Danmark vel å vaksinere med to doser, uavhengig av sjukdom.



FHI tek med seg innspelet frå kommunane om at det er behov for meir rettleiing til korleis vurdere dokumentasjon. Det er òg eit behov for å kommunisere ut til befolkninga om kva forventningar dei kan ha till etterregistrering av vaksiner.

Etter møtet har FHI endra teksten på sida om [etterregistrering av koronavaksiner](#) for å synleggjera at dette ikkje er ei plikt for helsetenesta: «*Det er ikke en plikt å etterregistrere koronavaksiner gitt utenfor Norge...*»

6. Vaksine

Informasjonsbrev nr. 21

Tysdag 15. juni kom informasjonsbrev nr.21 om koronavaksinasjonsprogrammet. Vi legg til grunn at de har fått og lest denne informasjon, og vil berre kort repetere nokre punkt:

- Grunna færre leveransar enn venta frå Pfizer i sommar, måtte FHI igjen endre anbefalt intervall mellom dose 1 og 2 av mRNA-vaksine tilbake til 12 veker, med tilbakeverkande kraft frå veke 20. Grunnen er at flest mogleg skal få 1. dose så tidleg som mogleg. Vi har stor forståing for at dette ekstraarbeidet fører med seg frustrasjon. Færre leveransar frå Pfizer vil ikkje få så store konsekvensar for programmet (1-2 veker forseinking), fordi det blir opna for å blande mRNA-vaksinar og det kjem noko auka leveransar frå Moderna.

Kommunane må framleis planlegge som før - for eit auka tal vaksinar i vekene 29-31 – men det blir ikkje like mange doser som ein trudde først. FHI jobbar no med nye prognoser, og har som mål å kunne publisere dette denne veka.

- Ubrukte AstraZeneca-vaksinar skal oppbevarat i kommunane fram til utlaupsdato, og deretter kastast. Regelverket tillèt ikkje returnering av desse til FHI.

Prioritering gruppe 8-11

Det er ein viss fleksibilitet med omsyn til vaksinerings av friske, men det er knapt med vaksinar samstundes som interessa er stor for å bli vaksinert, slik at FHI tilrår kommunane å halde seg til prioriteringsrekkefølga til vi er ferdige.

Vaksinasjonsscenario

FHI og vi er klar over at FHI sitt vaksinasjonsscenario ikkje stemmer overeins med den langsame progresjonen mange kommunar opplever, og at det er vanskeleg å møte forventningane til publikum i sin kommune. Scenarioet tar utgangspunkt i nasjonale tal, og FHI har ikkje høve til å lage eigne scenario på fylkes- eller kommunenivå. Det er likevel eit tydeleg politisk ønske om å ha dette scenarioet. Viss det er mogleg for kommunane å få til, vil ein eigen kalender på den aktuelle kommunens heimeside vere meir nyttig for innbyggjarane å halde seg til.

7. Målretting av covid-tiltak

15. Juni gjekk det ut eit brev til landets kommunar og statsforvaltarar - Om målretting av tiltak og nye tiltak til personar med funksjonsnedsettingar i samband med covid-19-epidemien. Brevet inneheld



framlegg til tiltak som er utarbeida av ei tverrsektoriell arbeidsgruppe. Helsedirektoratet sa i møte i går at brevet var meint som ei hjelp på vegen tilbake til normalen, til slik det var før, og ikkje som ein introduksjon av nye oppgåver.

(Brev frå Hdir)

8. Åtgangstesting

Arrangørar kan no nytte private aktørar til åtgangstesting. Kravet er at dei private aktørane må melde resultatet inn i MSIS og dei kan berre nytte nærmare godkjende testkit. Helsedir vil dei nærmaste dagane legge ut informasjon til private aktørar, kommunar og innbyggjarar om slik testing. Slik testing blir eit tilbod til dei som treng det til koronasertifikat, viss dei ikkje er vaksinerte. Dei private aktørane kan anten bestille testar frå Helsedir, eller dei kan bestille dei frå kommunen viss kommunen har eit rikeleg overskot. Dei kan òg kjøpast på den private marknaden, men må då vere av godkjend type. Slik test blir gyldig i 24 timar. Det blir ein eigen HELFO-takst for slik testing.


Det er kome sjølvtesting på marknaden no òg, men dette gjev inga retter, og har inga rolle i høve åtgang til arrangement eller grensekontroll etc. Det er meldt tilbake til Hdir eit ønske om at nasjonale helsestyresmakter gjer tydeleg skilnaden mellom sjølvtesting og organisert testing.

Vi lenker til informasjon frå Helsedirektoratet med informasjon om [testing for koronasertifikat](#).

9. Epidemiologisk rapport

Vestland

Indikator	Uke 19	Uke 20	Uke 21	Uke 22	Uke 23
Antall tilfeller per uke	183	142	87	48	49
Antall tilfeller per 100 000 per 14 dagar	74,2	50,9	35,8	21,1	15,2
Antall personer testet per 1 000 per uke	20,1	20,7	15,6	13,8	13,6
Andel positive blant de testede per uke	1,4 %	1,1 %	0,9 %	0,5 %	0,6 %
Andel bydeler med insidens over 50 per 100 000 og flere enn 10 tilfeller per 14 dagar	4/43	4/43	3/43	3/43	1/43
Andel vaksinerte blant personer 45 år og eldre (minst en dose) - totalt	57 %	57 %	58 %	65 %	69 %



Det har vært en stabil nedadgående trend i Vestland siden uke 18 og frem til og med uke 22. I uke 23 lå antallet tilfeller på samme nivå som i uke 22. Denne utviklingen reflekterer i stor grad utviklingen i Bergen som har hatt en betydelig nedgang i antall tilfeller. Det har vært en nedgang i antall personer testet og andel positive blant de testede siste uker. 69 % av alle personer 45 år og eldre har nå blitt vaksinert med minst én dose koronavirusvaksine.

Detaljert oversikt i Sykdomspulsen: <https://spuls.fhi.no>

Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>

Fylkeslegens vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderingar/>